

2024

# Saksliste årsmøte UL Sambygdingen



Fosse, Jan Magne

For styret UL Sambygdingen

16.01.2024

## Saksliste årsmøte UL sambyggingen 2024

1. Styret legg fram for årsmøtet [årsmelding](#) og revidert rekneskap
2. Årsmøte vel ordstyrar. Styret foreslår Ivar Kvamme  
Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar det framlagte forslaget til ordstyrar.
3. Referent er Mailin Bergås Hatten
4. Årsmøte handsamar forslag til [avstemningsregler](#).  
Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagt forslag til avstemningsregler
5. Årsmøte handsamar framlagt [årsmelding og revidert rekneskap](#)  
Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagt årsmelding og revidert rekneskap
6. Årsmøte handsamar [arbeidsprogram og budsjett](#) for neste år  
Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsprogram og budsjett for neste år.
7. Innkomne saker
  - a) Forslag frå Steinar Hunskaar om krav til nynorsk.  
Forslag til vedtak: Vedtekter og instruksar skal vera på nynorsk. Andre offisielle dokument bør vera på nynorsk.
  - b) [Framlegg til nye vedtekter](#)  
Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagt framlegg til nye vedtekter
  - c) Ønske frå Sigfred Johansen om å kjøpa ein teig sørfrå ballbana.  
Forslag til vedtak: Styret anbefaler årsmøte å utsette saken til nest årsmøte. Eventuelt hvis det haster å få behandla saken, at det avgjerds på et ekstraordinært årsmøte.
8. Val  
Innstillinga frå valkomiteen er ikkje klar, og vil bli lagt ut så snart den er klar.

## Sak 4 Forslag til avstemmingsreglar

Dagens vedtekter har i dag ingen retningslinjer for kva rettar ein familiemedlemskap gir. Familiemedlemskap er ikkje omtalt i vedtektene. Normalt har ikkje dette vore noko problem, men viss det kjem til ei avstemming så er me avhengig av å vita kor mange stemmer ein slik medlemskap gir. Skal det vera ei stemme til kvar i husstanden, uansett tal, eller gir det berre ei stemme på linje med andre medlemskapar.

1. Styret foreslår at ein familiemedlemskap gir alle i husstanden (må bu i same hus) same rettar i laget. Det gjeld òg stemmerett. Stiller det 4 frå ein husstand med familiemedlemskap så har alle fire stemmerett viss dei har vore medlem i minimum 3mnd.
2. Styret foreslår at vedtektene avstemmingsreglar for årsmøtet 2024 blir teke inn i vedtektene med følgende ordlyd: Alle i ein husstand (bur saman) som har familimedleskap har stemmerett på årsmøte. Dei må møta personleg, og minimum ha vore medlem i 3 månadar.

## Sak 5 Styrets beretning og revidert rekneskap

Styret blei vald på ekstraordinært årsmøte 22. februar 2023. Pandemien hadde vore ei utfordring for mange, og det har det også vore for ungdomslaget. Ei relativt lang periode med lite inntekter, i kombinasjon med ein del høge utgifter hadde ført til ein svært anstrengd økonomi. Det var derfor eit krafttak som måtte til for å sikre økonomien til laget.

Styret har bestått av:

- Styreleiar: Jan Magne Fosse (1 år)
- Nestleiar: Mailin Bergås Hatten (2 år)
- Kasserer: Trond Mathiassen. Litleskare (2 år)
- Revisor: Petter Hogne Fosse (2 år)
- Styremedlemmer:
  - Erling Årseth (2 år)
  - Liv Margaret Alver (2 år)
  - Thomas Sandvik (2 år)
  - Lena Fosse (2 år)
  - Erik Fosse ( 1 år frå sist periode)
  - Astrid Bragstad (1 år frå sist periode)
- Vara:
  - Øystein Johansen
  - Daniel Nordahl
  - Kjersti Mathiassen Litleskare (Også leder Basar komiteen)

Det har vore gjennomført 6 styremøter. Styret har arbeid godt gjennom året, og me har fått gjennomført fleire svært vellykka arrangement med godt oppmøte. Liv Margaret Alver måtte trekke seg av helsemessige årsaker.

## Huset

Varmepumpa fungerte ikkje, og det viste seg at det ikkje var mogleg å reparere den. Ei ny varmpumpe med tilstrekkeleg kapasitet var dyr, og med lagets anstrengde økonomi var det ei utfordring. Heldigvis lyktes det oss å få sponsa ein varmpumpe frå 3 lokale bedrifter. Me fekk den ferdig montert på veggen utan noko kostnad. Den andre store utfordringa var lekkasje på taket i vest. Her har vatnet kome inn samt gjort skade inne i taket, blant anna i taket i gangen og på toalettet.

Dette er dyrt å få utbetre. Men etter søknad til Sparebanken Vest har dei sponsa Ungdomslaget med 340.000 kroner. Det håper me vil rekke både til å utbetre taket på vestsida, og følgjeskadane inne. Planen er at me skal rive det gamle taket på dugnad, og at MAJO skal legge det nye taket. Dette vil bli gjort over nyttår når været tillate.

På kjøkkenet var det også behov for utbetringar. Her har me skifta ut den gamle komfyren og erstatta den med ei kjøkkenøy med keramisk-koketopp. Det er i tillegg lagt nytt golvbelegg på den delen av golvet som mangla, og montert steikeovn i høgskap på nordre veggen. I tillegg har me hatt elektrikar til å oppdatere det elektriske slik at det passer til den nye kjøkkenløyninga. Ein spesiell takk til Kjersti og Trond som har gjort en kjempeinnsats her.

Utvendig har me hatt vårreingjeringa, i tillegg til å male huset i vest og nord.

## Myra

Per Ove Fosse og Bjørn Nygård har tatt et initiativ for å utbetra myra. Dei har signalisert at dei ynsker å komme på et styremøte for å informere om planane. Dei har sendt søknad til kommunen om støtte. Har ikkje motteke svar enda.

## Ungdomsstyre

Det har vore et mål å få på plass eit ungdomsstyre. Om det er nokon som har kandidatar som kan tenka seg å engasjere seg i ungdomslaget så tek me imot innspel med takk.

## Nettsida

Jan Magne tok initiativ til å lage ei flott nettside. Den har blitt godt motteke, og er tidvis godt besøkt. Den har sannsynlegvis også ført til meir utleige av huset, da me har blitt meir synleg for dei som er på jakt etter lokale. Nettadressa er: [www.sambygdingen.no](http://www.sambygdingen.no)

## Nettstasjon ved myra

I vår vart styret kontakta av BKK. De ynskte å etablere ein nettstasjon i søre kanten av myra. Styret var positiv til det om den blei plassert slik at den ikkje var til hinder for lagets aktivitetar. Dei var på synfaring 25. mai. Etter det har vi ikkje høyrte noko meir. Antar at de har funnet en annan plass å sette nettstasjonen.

## Sjakk-klubb

Det var ønskeleg å starte sjakk-klubb med et sjakk-kurs. Det var svært vanskeleg å få fatt i instruktør og forsøket stoppet dermed opp. Det kan vere at dette er noko ein kan forsøkje igjen om nokon ynskjer det.

## Arrangement

### Strikkekafe

Det har vore arrangerte strikkekafé, men det viste seg å være svært lav oppslutning. Blant anna fordi mange av dei som hadde deltatt på dette tidlegare no valde å gå på strikkekafé i Kyrkjelydhuset i Alversund.

### Vårpub 25. Mars

Alle inngangsbillettar vart selde.

Pub-kvelden starta med Quiz av Arne Årseth, der premien var bøker av Arne Årseth.

Det var ikkje livemusikk denne kvelden, men musikk er musikk og etter kvart som kvelden steig på kom dansefoten fram hjå dei fleste gjestene.

Det vart seld drikke, snacks og fat med spekemat.

### Basar 23. april

Valnemnda fekk på plass ein basarkomitée ved andre årsmøtet 2023. Basarkomitéen kom raskt i gong, og med god hjelp frå mange aktive bidragsytarar fekk ein inn enorme mengder med gevinstar. Det var alt frå flotte heimeproduserte gevinstar og mykje anna spanande.

Det vart seld rekord mange lodd på loddbøker og då dagen kom var salen stappfull av spente og ivrige sambygdingar. Det var ikkje berre travelt for dei som selde årer, men for dei som sto i kiosken også, og kjekt var det.

Basaren gav god inntekt som var kjærkomme i ungdomslaget sin økonomi.

Eit godt råd til dei som skal arrangere basar i 2024 er å informere ut så rask som mogeleg at ein ynskjer gevinstar til basaren. Då kan dei som vil strikke eller gjere anna handarbeid begynne tidleg.

### 17. mai feiring

Me fekk tak i bra med folk til dugnad 16. og 17. mai. og veldig mange stilte også opp med kake/bollar. Det vart litt misforståingar i forhold til samling ved bautaen om morgonen, og tilgang på fana til ungdomslaget, men det ordna seg til slutt. Me var også ein del av toget rundt Tveiten. Det var greitt ver, og det gjekk fint å vera ute om ettermiddagen. Me hadde talar og songar inne sidan det var litt kaldt. Kurt Hatten var festleiar, og Evyann Seim Bergås var festtalar. Ho held ein gripande tale om korleis det var å vekse opp som fosterheimsbarn, og korleis me kan møte barn med ein anna «bagasje» på ein god og inkluderande måte. Kurt leia oss gjennom festsongane, og ramma dagen inn for oss på ein fin måte.

I ettertid har me tenkt at det kan være lurt å lage ein prosedyreperm der all informasjon om korleis ein arrangerer 17. Mai kan samlast. Dette for å sikre at om ein er heilt ny i rolla med å være leier av arrangementskomiteen så skal ein ha full mogelegheit til å klare det på ein god måte.

### 17. Mai Bygdepub med Vibosh

Det var også denne gangen godt oppmøte. Det var flott musikk, dans og god stemning. Det var sal av drikke, snacks og hotdog.

Til tross for at dei fleste hadde hatt ein lang dag allereie så vart det ein fin kveld og mange som dansa seg inn i 18. Mai.

#### Bygdakafe

Bygdekafé 24. september

Til den første bygdekafeen nådde me ikkje å få ut lappar i postkassane, så det vart delt på facebook. Det kom 16 stk, og dei sat og prata heile kvelden. Det var god prat og fin stemning, og då dei skulle gå, spurte dei om når det vart kafé att.

Bygdekafé 5. nov vart dessverre avlyst grunna sjukdom.

#### Loppemarket 14. + 15. okt

Søndag 8 oktober starta arrangementskomiteen å ta imot lopper inne i ungdomshuset. Dei fleste loppene blei levert denne dagen. Nokre få tok kontakt og fekk hjelp ved at nokon i styret henta lopper. Det var mange som gav uttrykk for at dette var kjekt og dei leverte lopper jamt og trutt heile veka til og med laurdag 14 oktober og søndag morgon.

Både laurdag og sundag var loppemarkedet og kafeen svært godt besøkt, mange kjøpte med seg noko nytt (gamalt) heim og fekk tatt ein kopp kaffi og noko å bite i ilag med gode sambygdingar.

#### Romjulspub 29. Desember med Grasslands

Eit svært populært arrangement! Billettane var utselde fleire dagar i forvegen. Det var til og med folk på venteliste, og nokre som møtte opp utan billett for å prøve å komme inn likevel.

Dørene opna kl 20.00 og allereie kl 20.10 var det godt med folk inne. Det var seld drikke, snacks, hotdog og pizza. Til neste gong ein skal selle pizza kan det være greitt å sette seg skikkeleg inn i den nye steikeomnen før ein skal bruke den. Den første som kjøpte pizza måtte dessverre vente ei stund, litt lenger enn ein hadde tenkt.

Det var mykje folk på dansegolvet også denne gongen.

Revidert rekneskap for 2023

**Regnskap ULS 2023**

Tekst		Kroner		
På Bankkonto pr 31.12.2022		<b>13901,82</b>		
		Inntekt:	Utgift	Resultat
NORSK TIPPING		14452,46		14452,46
LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET		5833,00		5833,00
Kontingent		26330,00		26330,00
Utleie		13342,50		13342,50
Støtte fra SPV		340000,00		340000,00
Kundeutbytte 2022 Gjensidige		2836,00		2836,00
Kredittrenter		5132,00		5132,00
Innskudd kontantsalg og pant		46876,00		46876,00
Alver Kommune		4870,70	1948,23	2922,47
Bygdakafè		3230,00	2470,71	759,29
Basar		70605,74	23997,61	46608,13
17.mai		42166,00	35365,77	6800,23
Bygdapub		79904,75	57002,66	22902,09
Loppemarked		22944,05	3434,65	19509,40
Kjøkkenoppdatering			70732,29	-70732,29
Dugnad			14912,58	-14912,58
Bankgebyr			495,50	-495,50
Strøm			28033,89	-28033,89
NGIR			1223,75	-1223,75
Internett Bergen fiber			6831,00	-6831,00
Diverse			23574,00	-23574,00
Vedlikehold			23945,00	-23945,00
<b>Sum</b>		<b>678523,20</b>	<b>293967,64</b>	<b>384555,56</b>

Resultat 2023 384555,56

Balanse:

På Bankkonto pr 31.12.2023	398459,88
Kontantbeholdning	5000
Varebeholdninge	3022
<u>Sum</u>	<u>406481,88</u>

Egenkapital 406481,88

## Sak 6 Arbeidsprogram og budsjett 2024

### Arrangement planlagt for våren 2024

Her er dei arrangementa me har planlagt med for neste vår.

#### 7. januar Bygdakafe kl. 1600

Kurt Hatten og Arne Kvamme inviterer til ein hyggeleg ettermiddag/kveld med laust prat, allsong, visesong, kaffi, og noko godt å bita i. Her blir det god stemning. Me gler oss!

#### 27. mars Påskepub kl. 2000

Påska står for døra, og me inviterer til Påskepub. Håpar at mange vil finna vegen denne dagen. Kanskje kjem påskeharen....

Ta med deg godt humør. Hjarteleg velkommen

#### 7. april Basar kl. 1600

Me har igjen gledd av å invitera til basar. Me håpar på å kunna gjenta suksessen frå i fjord. Fantastisk mange som bidrog, både med gevinstar, og ikkje minst stilte opp på basaren, og gjorde det til ein kjempesuksess.

#### 17. mai i Kvamsvågen kl. 1600

Me gler oss til å kunna invitera til 17. mai feiring i Kvamsvåg, og håpar at like mange finn vegen til Kvamsvåg som i fjor. Det blir tradisjonell feiring, med leikar for barn i alle aldra ute. Inne er det servering både for store og små. Her serverer me kaffi, kaker, brus, pølser og is. Ta med deg godt humør, og ta turen til Kvamsvåg.

#### 17. mai Pubkveld kl. 2000

I fjor var me så heldig å få «Vibosh» til å spela og synga for oss på 17. mai om kvelden. Det var hyggeleg kveld, med nydeleg musikk av den dyktige musikaren «Vibosh». Dette var svært populært, og me vurderer noko liknande i 2024.

### Dugnad

I tillegg til den tradisjonelle vårdugnaden planlegg me med ein helgedugnad for å riva det gamle taket på vestsida av huset. Taket er lekk, og må skiftast. MAJO skal gjera jobben, men me vil riva det gamla taket på ei dugnadshelg. Vi håpar å få gjort det mars/april, men me er avhengig av godt vêr. Me må ha ein opphaldperiode slik at me rekk å riva, og MAJO rekk å få på duk før det kjem regn. Til reparasjon av taket utvendig, reparasjon av tak innvendig som er ein følgjeskade etter lekkasjen i taket, oppgradering av kjøkken, og skifte av ein del elektrisk utstyr har me fått ei støtte frå



Sparebanken Vest på 340.000 kroner. Disse pengane er øyremerkte til dette arbeide, og me skal levera eigen rekneskap på dette til Sparebanken Vest.

### Arrangement hausten 2024

Følg med på nettsida vår: [www.sambygdingen.no](http://www.sambygdingen.no) her vil me leggja ut haustens arrangements så snart dei er klare. Sommaren er roleg, men me vurderer å invitera til «Jonsokfeiring». Men det er planen å vidare føra Bygdakafe den første søndagen i månaden viss det ikkje kolliderer med andre arrangement. Det er også planen å invitera til Bygdepub.

### Nyheitsbrev

På nettsida vår [www.sambygdingen.no](http://www.sambygdingen.no) kan du abonnera på nyheitsbrevet vårt. Då vil du få e-post om nye arrangement, eller viss det blir endringar i programmet.

## Budsjett 2024

### Budsjett ULS 2024

Tekst		Kroner		
Egenkapital 1.januar 2024		<b>406481,88</b>		
		Inntekt:	Utgift	Resultat
NORSK TIPPING		14452,46		14452,46
LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET		5833,00		5833,00
Kontingent		26330,00		26330,00
Utleie		15000,00		15000,00
Kundeutbytte Gjensidige		2836,00		2836,00
Kredittrenter		5132,00		5132,00
Alver Kommune		4870,70	1948,23	2922,47
Bygdakafè		3230,00	2470,71	759,29
Basar		60000,00	23997,61	36002,39
17.mai		42166,00	42000,00	166,00
Bygdapub		79904,75	57002,66	22902,09
Loppemarked		22944,05	3434,65	19509,40
Reperasjon av taket			286500,00	-286500,00
Reperasjon av taket i gangen			40000,00	-40000,00
Uforutsette utgifter taket			50000,00	-50000,00
Dugnad			14912,58	-14912,58
Bankgebyr			495,50	-495,50
Strøm			28033,89	-28033,89
NGIR			1223,75	-1223,75
Internett Bergen fiber			6831,00	-6831,00
Diverse			23574,00	-23574,00
Vedlikehold			23945,00	-23945,00
<b>Sum</b>		<b><u>282698,96</u></b>	<b><u>606369,58</u></b>	<b><u>-323670,62</u></b>

**Forventet resultat 2024** -323670,62

Balanse:

Egenkapital 1.januar 2024 406481,88

Forventet resultat 2024 -323670,62

**Forventet egenkapital 31.12.24** 82811,26

Utleigesatsane fór ikkje medlemmer blir foreslåtte auka frå 1000 kr/døgn til 1500 kr/døgn.  
 For medlemmer foreslår me å behalda prisen på 500 kr/døgn.  
 Foreslår også uendra medlemskontingent.

## Sak 7 Innkomne saker

A) Sak fra Steinar Hunskaar til årsmøtet 2024 – mottatt 11. januar 2024

Eg har ei sak til årsmøtet og ei til behandling i styret.

Først må eg få skryte av styrearbeidet det siste året og årsmeldinga og aktivitetsnivået. Tusen takk for at de har tatt tak og fått så god drift i laget. Nettsida er blitt retteleg så flott og inneheld mykje god informasjon og bruken av Facebook ser også ut til å fungere til auka aktivitet.

### **Sak til årsmøtet**

I høve at styret også kjem med ein del endringsforslag til vedtektene, så har eg også eit forslag som eg ønskjer tatt opp til behandling som endring av vedtektene eller eventuelt som endring av instruks for styret (same reglar gjeld for endring). Det gjeld eit sterkare krav om at ungdomslaget skal bruke nynorsk i sine offisielle dokument.

Noregs ungdomslag har i si fagpolitiske plattform ei veldig tydeleg vektlegging av å styrke bruken av nynorsk. Der står mellom anna:

*Det nynorske skriftmålet er fellesnemnaren for dialektmangfaldet. Noregs Ungdomslag er ein av dei verkeleg store nynorskorganisasjonane. Ved at organisasjonen vår har nynorsk styringsmål og aktivt tek side med nynorsken og dialektane, er vi med på å gje nynorsken ein plass han ikkje elles ville ha hatt. Sjølv om medlemene våre nyttar både nynorsk og bokmål, meiner vi at det ligg ein særleg verdi i å løfte fram nynorsken: Ved å vere bygd på dialektane fortel nynorsken oss at det er like bra å kome frå bygda som frå byen, og at det ikkje finst nokon måte å snakke på som er finare enn andre.*

I tråd med dette foreslår eg følgjande endring i vedtektene:

Nytt pkt 3.2.2: Laget si målform er nynorsk, som skal nyttast mest mogeleg, og alltid i offisielle dokument som protokollar, årsmeldingar, vedtekter, instruksar og nettsider, inkludert sosiale media.

Noverande pkt 3.2.2 vert nytt 3.2.3 med uendra innhald

Eg foreslår følgjande endring i styreinstruksen:

Pkt 1.1.5 vert utvida slik: Styret skal føre vedtaksprotokoll for styremøte, lagsmøte og årsmøte. Laget si målform er nynorsk, som skal nyttast mest mogeleg, og alltid i dei nemnde dokumenta, samt nettsider, sosiale media og informasjonsskriv.

Eg tenker at «mest mogeleg» gjev tilstrekkeleg rom for at nokre meldingar, enkle innkallingar etc etc framleis kan skrivast på bokmål av personar som ikkje meistrar nynorsk godt, men at varige dokument må kunne gjennomgåast av nynorskkunnig slik at teksten blir bra.

Eg er diverre i utlandet på årsmøtedagen.

Beste helsing

Steinar Hunskår

### Styrets vurdering

Styret er positiv til meir utbreid bruk av nynorsk. Me er likevel bekymra for at å påleggja bruk av nynorsk i alle offisielle dokument kan føra til at ein del vegrar seg for å ta verv, fordi ein ikkje meistrar nynorsk. Det er allereie utfordrande å fylla alle verv, og me er redd eit slik pålegg vil forverra denne situasjonen.

Drifta av laget bør prioriterast framfor målform.

Forslag til vedtak: Vedtekter og instruksar skal vera på nynorsk. Andre offisielle dokument bør vera på nynorsk.

## B)FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR U. L. SAMBYGDINGEN

Til handsaming på årsmøtet januar-2024

### § 1 Føremål

Ungdomslaget Sambygdingen skal arbeida for å gje born, ungdom og vaksne i bygda eit godt og allsidig fritidstilbod. Laget kan søkja samarbeid med andre lag i bygda.

Arbeidet i laget skal vera politisk uavhengig, men kan elles omfatta andre tiltak enn fritidstilbod.

### § 2 Medlemskap

Alle som vil vera med å fremja føremålet til laget, og betala vedtekne årspengar, er medlemmer i laget.

Nedre aldersgrense er 15 år.

### § 3 STYRING

#### 3.1.1 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er det øvste styringsorganet i laget. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av januar månad, og vera kunngjort for medlemmane gjennom lokalpressa, ved oppslag, eller ved personleg innkalling minst 14 dagar føreåt.
- b) Framlegg til årsmøtesaker må vera styret i hende minst 7 dagar før møtet.

### 3.1.2 Gjennomføring av årsmøtet

- a) Styret legg fram for årsmøtet årsmelding, og revidert rekneskap.
- b) Årsmøtet vel ordstyrar.
- c) Referent er: Skrivar i avgåande styre.
- d) Årsmøtet handsamar framlagt årsmelding, og revidert rekneskap; likeeins framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste arbeidsperiode.
- e) Årsmøtet handsamar innkomne saker.
- f) Årsmøtet vel leiar for 1 år om gongen.
- g) Årsmøtet vel kasserar for 2 år om gongen.
- h) Årsmøtet vel 5 styremedlemer, 3 varamedlemer, 2 revisorar, og medlemer til dei ulike nemnder underlagd styret.
- i) Styremedlemane vert valde for 2 år om gongen, 3 og 2 annakvart år.
- j) Varamedlemane vert valde for 1 år om gongen.
- k) Revisorane vert valde for 2 år om gongen, ein kvart år.
- l) Andre nemndmedlemer vert valde for 1 år om gongen.

### 3.1.3 Lagsmøte

- a) Det vert kalla inn til lagsmøte når anten årsmøtet, eit lovleg innkalla medlemsmøte, 1/3 av lagsmedlemane, eller styret i laget set fram krav om det.
- b) Lagsmøte skal berre handsama den saka/dei sakene som står på innkallinga.

### 3.2 Organisasjonsplan - Instruks

- a) Lovene føreset at laget har utarbeidd og vedteke organisasjonsplan, med instruks for alle delar av drifta.
- b) Laget si målform er nynorsk som skal nyttast mest mogeleg, og alltid i vedtekter og instruksar.

### 3.3 Røysterett

Alle som har betalt årspengar, og som har vare medlemer i laget dei siste 3 månadane, har røysterett.

### § 4. Trygging av eiga

- a) Styret kan gje løyve til bruk av eignelutane til laget til medverknad i andre lovlege aktivitetar. Eignelutane til laget kan ikkje nyttast til personleg vinning.
- b) Ungdomshuset, anna fast lagseige, og luter i fast eigedom må ikkje avhendast utan godkjenning frå årsmøtet, eller lagsmøte med 2/3 fleirtal, og stadfestast med 2/3 fleirtal på årsmøte eller lagsmøte, som skal haldast 2 månader seinare.

### § 5. ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av § 1 - Føremål:

- a) Endring av føremål kan berre vedtakast på vanleg årsmøte med 2/3 fleirtal, etter at framlegg

om dette er ført opp på sakslista, utsendt saman med lovleg innkalling til møtet.

Dersom framlegget får 2/3 fleirtal skal dette stadfestast på lagsmøte, som skal haldast 2 månader seinare. Denne stadfestinga må også ha 2/3 fleirtal.

b) Andre paragrafar kan endrast på vanleg årsmøte eller lagsmøte med 2/3 fleirtal, etter at framlegg om dette er ført opp på saksliste, utsendt saman med lovleg innkalling til møtet.

c) Organisasjonsplan og Instruksar kan endrast med simpelt fleirtal på årsmøtet, eller lagsmøte

d) § 6 kan ikkje endrast.

#### § 6. OPPLØYSING

Oppløysing av laget kan berre gjerast når 2-to- påfølgjande årsmøte gjer vedtak om det, og då med 2/3 fleirtal.

# ORGANISASJONSPLAN OG INSTRUKSAR

## ORGANISASJONSPLAN

### 1 STYRING

- a) Instruksar for styret
- b) Instruksar for leiar
- c) Instruksar for nestleiar
- d) Instruksar for kasserar
- e) Instruksar for skrivar
- f) Instruksar for styremedlem

### 2 REVISJON

- a) Instruksar for revisor

### 3 VALNEMND

- a) Instruksar for valnemnd


### 4 NEMNDER

- a) Fellesinstruksar for nemnder underlagt styret
- b) Instruksar for husstyret
- c) Instruksar for økonominemnda
- d) Instruksar for arrangementsnemnda
- e) Instruksar for nemnder underlagt arrangementsnemnda

Organisasjonsplanen var sist revidert på årsmøtet 1994.

Instruksar var sist revidert på årsmøtet 1996.

# ORGANISASJONSPLAN FOR UL SAMBYGDINGEN





## INSTRUKSAR FOR STYRET

- a) Har ansvaret for innkalling til årsmøte etter lovane.
- b) Innkallinga skal innehalda minst dato og tid for møtet, samt sakliste.
- c) Har ansvaret for at årsmøtet får til handsaming årsmelding, revidert rekneskap, og arbeidsprogram med budsjett for neste arbeidsperiode. I budsjettet skal årspengar og utleigesatsar spesifiserast.
- d) Styret rår over eiga, og skal driva laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med arbeidsprogram og budsjett. Løyvingar på over kr. 30.000,- som ikkje er i samsvar med det godkjende budsjettet skal godkjennast av lagsmøte.
- e) Styret skal føra vedtaksprotokoll for styremøte, lagsmøte og årsmøte. Lagets målform er nynorsk som bør nyttast mest mogeleg.
- f) Styret er vedtaksført når 4 - fire - medlemar er til stades og røystar.
- g) Styret vel seg imellom nestleiar og skrivar.
- h) Det er styret sitt ansvar å leia arbeidet i laget. Styret deler dei ulike nemndene mellom seg, slik at evner og interesser vert nytta best mogeleg.
- i) Kasserar er fast medlem i økonomigruppa.
- j) Leiar er fast medlem i WEB nemnda.
- k) Styret kan, når dei finn det naudsynt, utnemna nemnder for andre oppgåver enn dei som er fastsette i organisasjonsplanen. Med slik oppnemning skal følgja skriftleg ramme for ansvar.

## INSTRUKSAR FOR LEIAR

- a) Har hovudansvaret for instruksane til styret
- b) Har ansvar for innkalling til styremøte.
- c) Er møteleiar på styremøte.
- d) Har ansvar for å ha oversikt over bruken av «Vonheim», og tildeler brukstid for aktivitetar som ikkje treng handsaming i styret.
- e) «Vonheim», med utomhus eigeidom, skal kunna leigast ut/stillast til rådvelde for all lovleg verksemd.
- f) Skal så snart råd er levera vedlegg for økonomisk oppgjer til kasserar.
- g) Har hovudansvaret for å leggja fram årsmeldinga for årsmøtet.
- h) Har det formelle ansvaret for utgjeving og innhald på informasjonskanalane til laget.
- i) Har ansvaret for ekstern informasjon (presse o.l.)
- j) Har ansvaret for så tidleg som råd er å gjera nestleiaren kjend med fråvær.

## INSTRUKSAR FOR NESTLEIAR

- a) Har medansvaret for instruksane til styret.
- b) Skal utføra pliktene til formannen når denne ikkje er til stades.
- a) Vera leiar for ei av nemndene i laget, og i tillegg til å leie arrangementsnemnda, og der ha ansvar for gjennomføring av fellesinstruks for nemnder underlagt styret, og instruks for den nemnda han/ho er leiar av.

## INSTRUKSAR FOR KASSERAR

- a) Har medansvar for instruksane til styret.

- b) Har ansvar for å føra rekneskapen, krevja inn lagspengar og andre krav, og syta for utbetalingar.
- c) Rekneskapen skal leggjast fram for årsmøtet i revidert stand. Kasseraren samarbeider med revisor, slik at dette kan gjennomførast.
- d) Utarbeide forslag til budsjett.
- e) Vera leiar for økonominemnda, og der ha ansvaret for gjennomføringa av fellesinstruksar for nemnder underlagt styret, og instruksar for økonominemnda.

#### INSTRUKSAR FOR SKRIVAR

- a) Har medansvar for instruksane til styret.
- b) Har ansvar for at instruksane for skrivaren vert gjennomført.
- a) Vedtak skal førast i eigen protokoll, nummerert med årstal og serienummer. Vedtak skal daterast, røysteresultat førast og underskrivast av skrivar og leiar.
- b) Har ansvaret for å føra møtereferat frå årsmøte, styremøte og lagsmøte.
- c) Vera leiar for ei av nemndene i laget, og der ha ansvaret for gjennomføring av instruksar for styret, og instruksar for den nemnda han/ho er leiar for.

#### INSTRUKSAR FOR STYREMEDLEM

- a) Har medansvar for instruks styrets instruks
- b) Vera leiar for ei av nemndene i laget og der ha ansvar for gjennomføring av styrets instruks og instruks for den nemnda han/ho er leiar av.

#### INSTRUKSAR FOR ØKONOMINEMND

- a) Arbeida aktivt for å betra økonomien til laget ved aktivitetar som normalt ikkje legg beslag på «Vonheim». (Tippeaksjonar/sal av kransar/blomar/julepynt, dugnadsarbeid for andre o.l.)
- b) Utarbeida kalkyle/marknadsanalyse med omsyn til utleigesatsar for «Vonheim».

#### FELLESINSTRUKSAR FOR NEMNDER UNDERLAGT STYRET

##### ALLE NEMNDER SKAL:

- a) Arbeida aktivt for å gjennomføra oppgåver pålagde av årsmøtet eller styret
- b) Følgja desse aktivitetane nøye, slik at dei held seg innanfor vedtekne budsjett.
- a) Ved vesentleg avvik skal det utan unødig tidsspille rapporterast til styret.
- b) Før 15/11 kvart år leggja fram for styret melding om gjennomføring av pålagde og andre aktivitetar (underlag for årsmelding)
- c) Før 1/12 kvart år leggja fram for styret framlegg til arbeidsprogram m/budsjett for eige nemndområde i neste arbeidsbolk.
- d) Før 1/12 kvart år leggja fram for valnemnda framlegg til samansetjing av eiga nemnd for neste arbeidsbolk.
- f) Så snart som råd er levera vedlegg for økonomisk oppgjer til kasserar
- e) Når nemnda har hatt møte eller andre aktivitetar i «Vonheim», har dei sjølve ansvar for å rydda etter seg.

### INSTRUKSAR FOR HUSSTYRET

- a) Skal syta for at eigedomane til laget vert haldne ved like på fullnøyande måte.
- b) Koma med framlegg om bygningsmessige endringar som kan betra utnyttinga av eigedomane.
- c) Skal syta for utandørs vedlikehald som grusing/grøfting/snøbrøyting

### INSTRUKSAR FOR REVISOR

- a) Skal samarbeida med kasserar slik at revidert rekneskap vert lagt fram for årsmøtet.
- b) Skal, så langt råd er, i eiga melding kommentera rekneskapsføringa og den økonomiske drifta av laget i høve til vedteke budsjett.

### INSTRUKSAR FOR VALNEMND

Valnemnda sin rolle er essensiell, og innsatsen deira vil vera avgjerande for framtida til organisasjonen.

#### Samansetting av valnemnda:

- a) Leiar: 1
- b) Medlemmar: 2
- c) Varamedlem: 1

#### Førebuing til Årsmøtet:

- a) Identifisere kandidatar og kva verv som er til val, inkludert varigskapen til vervet, i samsvar med lovene til UL Sambygdingen.
- b) Samle informasjon om ansvarsområda til kvart verv.
- c) Oversikt over kven som seier frå seg verv, og forslag til nye kandidatar.

#### Valprosessen:

- a) Rådfør dykk med dei ulike gruppene for forslag til nye kandidatar, og kven som ønskjer å halda fram.
- b) Sørg for at alle kandidatane er spurd, informert om lengda på vervet, og villige til å stilla til val.
- c) Vurder å foreslå personar til attval eller nye verv etter behov.

#### Kommunikasjon og Forarbeid:

- a) Vær merksam på engasjerte og positive personar under årsmøtet, og i løpet av året.
- b) Start forarbeidet tidleg, og ta personleg kontakt med potensielle kandidatar.
- c) Presenter eventuelle instruksar for de ulike verva til kandidatane.

#### Årsmøteførebuingar:

- a) Leiaren av valnemnda skal få ei liste over tidlegare valde medlemmar og oppnemnde personar i styret frå leiaren av lagsstyret.

- b) Presenter arbeidet og forslaga til komiteen under årsmøtet.
- c) Forslaga til valnemnda skal vere skriftleg, og distribuerast før årsmøtet.

#### Avslutning av arbeidet til valnemnda:

- a) Arbeidet er ikkje sett som fullført før alle verva er dekkja inn.
- b) Arbeidet til valnemnda skal ikkje offentleggjerast utover den endeeige innstillinga.

#### Valprosedyrer:

- a) Kandidatar foreslått av valnemnda vert oppførde til val.
  
- b) Det er mogleg å fremje andre kandidatar under årsmøtet, men årsmøtet må ha prov på at kandidaten er villig til å stilla.
- c) Sjå relevante paragrafar i lovene til UL Sambygdingen som gjeld val.

#### INSTRUKSAR FOR ARRANGEMENTSNEMND

- a) Arbeida aktivt for å fremja ulike former for kulturelle aktivitetar i bygda vår (teatergruppe/visegruppe o. l . )
- b) Stimulera unge og eldre til aktivt å ta del i kulturelle samkomer (bygdekveidar o.l.)
- c) Syta for kontakt med andre lag/institusjonar for kulturelle tiltak (eks.: teaterbesøk – gjerne med diskusjon etterpå - o.l.)
- d) Ha ansvaret for den «fysiske» gjennomføringa av arrangement for andre. T.d. bryllaup, årsmøte, festar, eller andre avtalar inngått av styret eller leiar.
- d) Arrangementsnemnda koordinerer aktivitetane i underlagte nemnder.
- e) Leie nemndene som er underlagt arrangementsnemnda.

#### INSTRUKSAR FOR NEMNDER UNDERLAGT ARRANGEMENTSNEMDA

- a) Nemndene vil ha ansvar for å gjennomføra dei aktivitetane/arrangementa dei har fått ansvar for, i samsvar med dei føringane som er gitt.
- b) Utarbeider prosedyre for gjennomføring av dei arrangementa dei har ansvaret for. Prosedyrane skal godkjennast av styret.

## C) Ønske frå Sigfred Johansen om å kjøpa ein teig sørfrå ballbana

Til UL Sambygdingen

Kvamsvåg 11.01.2024

V/formann Jan Magne Fosse

### Forespørsel om kjøp av del 144-19

Som eigar av 144-29 og 17 ynskjer eg å kjøpe ein del av området sørom myra som ligg på eit høgare nivå opp mot 144-29. Området er skravert på vedlegg og er ca 500 m<sup>2</sup>. Tanken er på sikt å gje vegutløysing for 144-29; 8 og 16 over 144-17 om ein får løyve til dette.

### Prisantydning

Eg overtok 144-29 i 2017 til ein pris på 26 kr/m<sup>2</sup>. Med samme kvadratmeterpris vil dette bli vel kr. 13.000. Eg vil tilby kr.20.000 for angitt areal og vil då ta kostnad med oppmåling og skjøte.

Vonar de vil støtte denne forespørselen.

Mvh Sigfred Johansen


## Styrets vurdering

Ønske om å kjøpa ein teig sør for ballbana kom inn før utløpet av fristen, men styre har ikkje hatt høve til å sjå på saka før styremøte. Me ønskjer at saka blir betre greidde ut før me konkluderer.

Forslag til vedtak: Styret tilrår årsmøte å utsetja saka til nest årsmøte. Eventuelt viss det hastar å få behandla saka, at det der etter blir avgjort på eit ekstraordinært årsmøte. (Kart på neste side)



Area:  $\frac{35 \times 29}{2} = 508 \text{ m}^2$



EU89 UTM33 6756810N -339410